

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Pkt. 6

Fylkestinget set som vilkår at prinsippkravet om tariffavtale som hovedregel skal gjelde når det er naudsynt med kjøp av drifts- og vedlikehaldstenester på fylkesvegnettet.»

#### **Avrøysting**

Det var 64 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Kollbotn sitt forslag fekk 7 røyster (R, 1SP (Karoline Bjerkeset), 1UA (Morten Klementsens), SV) og fall.

#### **Vedtak**

1. Fylkestinget vedtar drift- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Vestland.
2. Fylkestinget legg til grunn målsetting om økonomisk opptrappingsplan til drift, vedlikehald og utbetring av eksisterande fylkesvegnett, som er i tråd med prioriterte strategiar for fylkesvegnettet i Regional transportplan (2022-2033):
  - a. Budsjettrammene til løpande drift og vedlikehald skal aukast for å stoppe forfall og redusere vedlikehaldsetterslep.
  - b. Sikre forsvarleg og berekraftig forvaltning av vegnettet gjennom å prioritere vedlikehald og utbetring av eksisterande veg framfor nybygging.
3. Fylkestinget legg til grunn at ein ikkje skal gjere kostnadssparande tiltak i byggefasen som gjer at livsløpskostnadane for vegen blir høgare.
4. Fylkestinget forventar at fylkeskommunen, gjennom nasjonal kartlegging av vedlikehaldsetterslepet som skal styrast av Statens vegvesen, får meir oppdatert oversikt på det samla vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet.
5. Fylkestinget ber om at det vert kartlagt i kva grad fylkesvegnettet er rusta for å tole framtidige klimaendringar.
6. Fylkestinget ber om at nye kontrakts- og konkurransestrategiar vert utgreia og prøvd ut, med mål om å få mest mogleg drift og vedlikehald for pengane. Samtidig skal ein vektlegge målsettingar for trafikktryggleik, framkome og oppnå klima- og miljøgevinstar.
7. Fylkestinget forventar at drifts- og vedlikehaldsstrategien er ein del av ein kontinuerleg forbetningsprosess, og at status på arbeidet blir rapportert årleg.